

Eldar Heide:


**Kvifor er seglfeste, form og
proporsjonar på segla slik dei er i
dei ulike tradisjonane?**

Råseglseminaret 2016, Masfjorden, 17.9.2016

<http://eldar-heide.net/>

Eller:


Kvifor finst det sterkt trapesforma segl?



Kva er poenget? Kvifor har nokon utvikla såanne, her sør i området som har hatt råsegl fram til vår tid.


Bakgrunnen for at eg tek opp dette er at eg har bakgrunn i råsegl frå Trøndelag og Nord-Noreg, slik som dei fleste her som har segla ein del råsegl. Så flytte eg til Bergen for ein del år sidan, og ville segle oselvar med råsegl, som vi ser her, og eg lurte veldig – dels fordi det var litt uklårt korleis ein hadde sett halsen – og draget – og skautet – men òg forma på seglet lurte eg på.

(Modell av oselvarseksæring, 1865. Frå Øystein Færøyvik, 1987: *Vestlandsbåtar* – slik som dei fleste andre illustrasjonane.)




Kvifor hadde ein ikkje her nede såanne segl som det her? – når dei er betre til å krysse med? Høgt og smalt segl, gjer at ein kan gå høgre mot vinden.

Nordlandstreroring bygd i Tromsø, 2000-talet




....eller sånne? Her er eit asymmetrisk råsegl, frå Sunnmøre. Sånne er òg fine å krysse med.



På sterkt trapesforma segl er det òg vanskelegare å dra seglet til sirupssnipp, som er rekna som ein stor fordel når ein skal ha halsen vekselvis på styrbord og babord i seglet. Det er vanskelegare både fordi at når råa er kort, har ein liten vektarm å arbeide med, og fordi det problemet blir forsterka når det er så brei duk den korte råa skal påverke.


Her er ein sekskeiping frå Sunnfjord.



Kvifor har ein hatt sterkt trapesforma segl, slik som ein del her i Nordhordland og i Sogn, og endå meir i Hordaland og i Sunnfjord? Kvifor det? Er det berre funksjonelle grunnar, med tilpassing til naturforholda, og kanskje måten ein brukte båtane på i dei distrikta? Eg vil peike på nokre mønster og mogelege årsakssamanhengar. Eg skal fyrst ta det vi er samde om, men det spørst om det ikkje trengst fleire forklaringar enn dei som har vore framme.

Eg har ingen endelege svar, men eg trur det er kan vera nyttig å diskutere dei spørsmåla her for å forstå meir av båtane og segla og samspelet mellom dei.

Presisering: Eg er klar over at nordlandsseglet her er teikna slik at det ser meir rettinkla ut enn det er. Men det påverkar ikkje det prinsipielle, som det Frode Bjøru sa i går: Nord-Norske segl er lengst unna trapesforma, Trøndelag nest lengst unna, og så er det mykje meir trapesforma segl sørover på vestlandet, jamvel om det òg er større variasjon i graden av trapesform i tradisjonane her sør (Nordhordland var det Frode sa dette om i går, basert på segla han har målt opp her, og nedanfor skal vi sjå at det er likeins i Sogn)




Vi kan begynne med det uproblematisk, når det gjeld samanheng mellom vindtilhøve og segltype. Mange seier at den tidlege overgangen til spri- og gaffelrigg i Hardanger kjem av vanskeleg vind.

Her i Nordhordland og i Sogn heldt ein fram med råsegl så lenge ein brukte tradisjonsbåtane, men i Hardanger er det ikkje eit einaste råsegl som er berga, så tidleg gjekk over til sprisegl. Og grunnen meiner vi er at i Hardanger kan du aldri segle heilt inn eller heilt ut i medvind. Fjorden er skapt sånn at vinden skiftar heile vegen inn gjennom. I Sogn, derimot, hadde ein i nordavind medvind heilt til Bergen, og i sørvest hadde ein medvind heilt heim att inn fjorden.

Så i Hardanger gjekk ein tidleg over til sprisegl, som er lettare å vende med og derfor meir effektivt til kryssing.

Diriks skreiv i 1863 ("Om de forskjellige slags Baade i Norge". *Folkevennen*) at det alt den gongen knapt var råsegl å sjå i Hardanger.



Her har vi det som Lars Bjarte Osland var inne på i går, at fiske ute på egga førde til at ein utvikla asymmetriske råsegl, der ein snur seglet for kvar vending, slik at same kanten av seglet vender fram heile tida, og den eine halsen kan formast optimalt, ein treng ikkje tenkje på at han òg skal sleppe ut vinden, når han er i bakkant.

Og når ein festar halsen så langt framme som her, og samtidig har så kort rå – det må ein jo, for at seglet ikkje skal vera for stort – så er det nære på at fokka følgjer staget, slik at eigenskapane til fremre del av seglet her kjem ganske tett på eigenskapane til ei fokk. Framkanten av seglet kan ikkje vippe noko særleg til sides for det om ein er uheldig og får vinden inn på framsida av seglet.

Bakgrunnen for at ein utvikla slike segl meiner mange (dette er ikkje min idé) er at ein på denne delen av kysten svært tidleg – Jon Godal seier på slutten av 1600-talet – begynte å segle ut til egga for å fiske. Og når sørvest er framherskande vindretning, blir det ofte svært lange slag. Altså: Ein står svært lenge på same halsen, og då gjer det lite at det er tungvint å vende.




Som vi ser, er steget veldig kort herifrå.....




.... til hit.

Begge bileta er frå Sunnmøre folkemuseum.




Så har vi det her, som Frode var inne på, og som Færøyvik kommenterer her (*Vestlandsbåtar* s. 51): Inne i fjordane er det mykje fallvind, og det er ein grunn til å ha lågt segl, og i tillegg ha utprega trapesform, slik at ein får lite vindpress oppe. Då får ein minst krengeing av det seglarealet ein har. Med det stemmer det at dei på Færøyane har sånne segl, for der er det mykje fallvind. (De kan spørja Terje litt om det i ein pause....)

Sånt segl er dårleg å krysse med, men det vil ein ikkje vera så interessert i inne i ein typisk fjord, altså ein fjord som ikkje er som Hardangerfjorden – for i den typiske fjorden fell vinden oftast anten inn eller ut, og ein har anten medvind, og då treng ein ikkje krysseigenskapar, eller vinden er midt imot, og då det er motlaust å krysse uansett.



Omvendt kan ein seia at det passar med denne tankegangen at Nordlandsbåtane er lengst unna trapesforma, nærast rektangelet, fordi «alle» nordpå skulle segle til Lofoten og då trong gode kryseigenskapar, på langturen dit.


Eg er heilt med på dette resonnementet, at mykje kjem an på om ein skal segle i fjord eller ute på kysten. **Men så er det eit par «men».**




Her har vi segla som vart oppmålte på råseglseminaret på Kaupanger i 2002. Som de ser, så er det enorm variasjon i grad av trapesform innanfor tradisjonen (det er både store og små segl i teikninga, i ulik skala), endå *heile* Sogn ligg ikring ein arketypisk fjord, 10 landmil innover i landet, der vinden typisk fell anten inn eller ut. Så ut frå forklaringa om at dei sterkt trapesforma segla var det ein valde å ha inne i fjordane, så burde *alle* vore sånn. (Til og med frå Ortnevik, som fleire av segla er frå, er det langt ut.) Men det er dei altså ikkje.

Som Frode Bjøru sa i går, så er det også her i Nordhordland veldig stor variasjon i grad av trapesform. Her er det lettare å forstå ut frå fallvind / kyst-resonnementet, fordi distriktet omfattar både ytterkyst og utprega fjordbygder, og vi veit at folket her inne segla på sesongfiske ute på kysten, som ikkje er langt unna, ulikt Sogn, der ein er i fjorden veldig, veldig lenge sjølv om ein prøver å koma seg ut.

Då kan vi snu på det og spørja: Finst det ikkje sterkt trapesforma segl på kysten? Men det gjer det:




Legg merke til teksten: «brukt i Austevoll» – som er heilt i havgapet sør for Bergen. I tillegg er øyane innanfor Austevoll stort sett låge, så her skulle det vore ideelle forhold for kryssing. Men likevel: Sterkt trapesforma segl, endå om det ikkje er av dei *aller* mest trapesforma. Kvifor i alle dagar?



Ein kan òg innvende at dersom det var det med fallvind og behov for å krysse godt som avgjorde, så burde vi i fjordane nordpå funne *småbåtar* med trapesforma segl, for småbåtane skulle ikkje på Lofotfisket.


Og då burde det vore Trøndelag, ikkje Nord-Noreg, som hadde minst trapesforma segl, for det er Trøndelag som har minst fjell og dermed jamnast vind.

Eg trur det med fallvind og lite ønske om kryssing inne i fjordane er viktige faktorar – **men ikkje tilstrekkelege til å forklare det sterkt trapesforma råseglet.**



Her er ei årsak som kan føre oss eitt steg lenger: Det er dei båttypene som har høg framstamn som har bratt framlik i seglet, og dei båttypene som har låg (og framstikkande) stamn som har utprega skrått framlik.

Det meiner eg har samanheng med korleis ein held framkanten av seglet fram mot vinden på når ein kryssar.




På åfjordsbåt og nordlandsbåt held ein seglkanten fram med boline, festa oppe i den høge stammen (på nordlandsbåt i tillegg med pente, festa lenger nede i seglet og lenger nede i stammen).



Oselvarfæring med råsegl og spristake

Her sør har vi i staden spristake, som skyv seglkanten fram.



På ein båt som den vi vi ser her går det ikkje an å ha boline, for bolina ville drege seglkanten meir ned enn fram. Det er for det fyrste fordi stamnen er så låg – og for det andre fordi seglet er så sterkt trapesforma. Og dess meir trapesforma seglet er, dess betre vinkel får spristaken.


Altså: Når ein fyrst har låg stamn, bør ein ha spristake i staden for boline. Og når ein har spristake, bør seglet vera skikkeleg trapesforma. Dette heng altså saman, og når ein fyrst har valt det eine, får ein det andre langt på veg på kjøpet. I Nordhordland har ein høg nok stamn, men har ikkje festa boline i den. Det treng likevel ikkje tala imot det eg seier her, for det normale på heile denne delen av kysten er låge stamnar, og det kan ha gjort at boline var lite kjent her, sjølv om det kunne passa.

Jektene, som ofte har rettvinkla segl, har veldig høgt feste til boline.


Kvifor hadde då ikkje alle høge stamnar, slik at dei lettare kunne hatt høgare og smalare segl? Tja, då blir det tyngre å ro i motvind, meir vindfang.

Vi må berre konstatere at begge stamntypene har funnest sidan før vikingtida.


Påverknad frå sprisegl?



«Framliket skal vera skrått!»



Vi er sosiale menneske og blir påverka av kvarandre.



Denne er eg skeptisk til sjølv, fordi det asymmetriske råseglet så godt kan forklarast som tilpassing til fiske ute på egga, - men eg tykkjer det er ein måte å sjå det på som er verd å nemne.

Det er faktisk slåande at det asymmetriske kan sjåast som ein mellomting mellom typane i kvar ende. Og det sterkt prapesforma seglet kan til og med sjåast som ein ekstremvariant av det asymmetriske.

Eg berre nemner det, men trur ikkje på det.

Andre faktorar:

- Kort rå er mindre i vegen under roing og fiske.
- Trapesform er måte å få same seglareal høgare på.
- Kort rå gjev mindre turbulens oppe, det er fordel på kryss.
- Vart sterkt trapesforma segl brukt på måte vi ikkje kjenner? Jf. halshol framom der seglet rekk på nokre båtar.
- Mote? Var alt så rasjonelt og funksjonelt?

Er det så sikkert at det kryssar dårleg?

Bror Vegard Heide har nemnt at seglet til Svarttosken er meir trapesforma enn vanleg er på åfjordsbåt, og han meiner det av den grunn seglar betre.


Det er jo eit stort problem her nede at ein aldri fekk snakka med gamlingane som hadde segla med råsegl, slik som Jon Godal og Gunnar Eldjarn fekk nordafjells. Dermed veit vi lite om korleis segla vart brukte.

Ei tiltalende mulegheit er å bruke spristaken meir i le, på skautet i rom vind, når ein fyrst har spristake om bord. Terje Planke har nemnt at Harald Dalland sa noko slikt, men han hadde det visst berre frå éin informant. Det kan tenkjast at sterkt trapesforma segl på den måten går så mykje fortare i romvind at det totalt sett ikkje er dårlegare å segle med. Dette veit vi ikkje.

Oppsummering:

- Sterkt trapesforma segl kan berre delvis forklarast som tilpassing til fjordsegling.
- Sterkt trapesforma segl har samanheng med låg stamn.
- Vi bør undersøke betre kor dårlege dei er å krysse med og kva mulegheiter dei har i romvind.
- Dei har ein fordel når ein ikkje seglar.

Best utan ball.
Takk for meg!

**Kommentarar etterpå:**

Hårvard Hatløy: På Sunnmøre er det same, asymmetriske segltype heilt inn i fjordane, som er lange på Sunnmøre.

Lars Bjarte Osland: Det er ikkje rimeleg at det skulle vore lokalt tilpassa segl i fjordane (som E.H. sa om Nord-Noreg), det ville vera tryggare å ha same segltype over heile området, slik at ein var trygg på den typen når ein kom ut for uvêr. Men, E.H: Her i Nordhordland kan det sjå ut som det var det, i og med at det er så stor seglvariasjon innan området.

Hårvard Hatløy / Arne-Terje Sæther: Dess meir trapesforma segl, dess lettare er det å få (framkanten av) seglet til å stå godt; det er ein fordel med sterkt trapesforma segl.

Jon Godal: Båtbreidda bør takast med i vurderinga.

Frode Bjøru: på sterkt trapesforma segl påverkar reving meir kor langt framme eller atte i båten vindsenteret er.

Terje Planke: Trur det har samanheng med at vestlandsbåtane er drygare framme, har meir bering framme – heilt slåande på sunnmørsbåtane. Det høver med at både asymmetriske og sterkt trapesforma segl har seglsenteret lenger framme.

Eldar Heide: Dersom eldre nordlandsbåtar òg hadde meir bering framme, motsett det veldig strekket i yngre nordlandsbåtar, kunne denne samanhengen kanskje forklare at eldre nordlandsbåtar hadde meir trapesforma segl?

Arne-Terje Sæther: Det stemmer ikkje at vestlandsbåtane er drygare framme.

Peter Helland-Hansen: Er skeptisk til om ein vann noko særleg på å gå over til spri- og gaffelrigg i Hardanger. Riggane på gamle båtar der er små og fjorden er så lang at det uansett er motlaust å krysse seg ut eller inn fjorden, sjølv om ein har meir effektive vendingar.

Eldar Heide: Eg burde ha nemnt at ein viktig grunn til at Hardanger skifta tidleg nok er at det er eit distrikt langt sør og at overgangen til spri- og gaffelrigg kom sørfrå. Likevel er det ikkje lange stykket til Nordhordland, der ein heldt fast på råsegl så lenge tradisjonsbåtane var bruksbåtar. Og i Austevoll, beint ut frå Hardanger, skal dei ha brukt råsegl til 1930-talet, 60-70 år lenger enn i Hardanger. At eit distrikt ligg langt sør, er altså ikkje forklaring nok.

Peter Helland-Hansen: I Hardanger kan påverknad frå jaktene òg ha spela ei rolle, hardingane dreiv stort med jaktefart.

Frode Bjøru: Overgangen frå nokså trapesforma segl på dei eldste nordlandsbåtane til segl nærare rektangelforma på dei yngre nordlandsbåtane har nok samanheng med at ein fekk større segl (i forhold til båtlengda), for då fekk ein større behov for å ta rev, og dét er upraktisk på meir trapesforma segl – fordi råa er for kort til at ein får knytt den overflødige duken opp til ho, og underliket er så breitt at det blir ei tung, lang pølse der.

Eldar Heide: OK, så då har den seglendinga samanheng med overgangen til tyngre og høgre båtar mot slutten av 1800-talet, båtar til fiske med tyngre reiskap; på slike båtar utrettar ein jo mindre med årer, slik at ein blir meir avhengig av segl og altså treng større segl, og også toler større segl?

Frode: Ja, samtidig som ein måtte kunne reve dei meir effektivt for å behalde gode segleigenskapar i mykje vind.

Eldar: OK, men dette (del)forklarer berre overgangen frå nokså trapesforma segl til meir rektangulære segl på nordlandsbåtane (og åfjordsbåtane), ikkje at sterkt trapesforma segl oppstod.

Frode: Nei, men meir trapesforma segl er lettare å få fin bus i, av to grunnar. For det fyrste blir seglet mindre sidbuka når mindre del av duken tynger heilt frå toppen. Det er viktig særleg på store, høge segl og på vadmålsduk, som er tung. For det andre gjer skrånkinga av duken at duken strekker seg meir akkurat der. (Du er mindre i stand til å tøyse duk langs renninga enn langs ein diagonalskoren kant). Dermed får du litt «gratis» bus når du likar langs ein diagonalskoren kant av duken (slik det jo blir på meir trapesforma segl). Dette er spesielt verdifullt fordi slik bus berre er der, som vi vil ha han, i seglkanten. Mykje av den busen vi legg inn med skyting (altså med å rynke saman duken langs telna), hamnar derimot på midten av seglet, der vi ikkje vil ha så mykje bus.

Eldar Heide: Men jektene, som har veldig høge, store segl, hadde jo ofte heilt rettvinkla segl? Dersom trapesform er spesielt viktig på høge, tunge segl, burde vel jektene hatt det?

Frode Bjøru: Tja, jektene var uansett nokså reine romvindsseglarar, som venta til det vart bør, så då var andre vurderingar viktigare.